

1.1.13 Skulehelsetenesta

SKULEHELSETENESTA VED JÆRTUN LUTHERSKE FRISKULE

Skulehelsetenesta skal i følge forskrift om kommunen sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjon- og skulehelsetenesta, fremja helse og førebygge sjukdom og skade.

Skulehelsetenesta skal arbeide for å fremja eleven sitt lærings- og utviklingsmiljø og bidra til ein helsefremjande livsstil.

Jærtun er tilknytt skulehelsetenesta i Time og har eit godt samarbeid med dei. Dei tilbyr oss dei same helsetenester som i offentleg skule. Nokre av tilboda deira har takkar vi nei til, og har i staden vårt eige tilbod. Skulen har difor eigen tilsett som tek seg av deler av skulehelsetenesta på Jærtun. Sjå fordeling i skjema på neste side. Grunnen til denne arbeidsdelinga skuldast at den offentlege skulehelsetenesta er forplikta på offentlege læreplanar og føringar. Jærtun følgjer ikkje desse i alle fag, men har eigen læreplan godkjent av Utdanningsdirektoratet. Skulen vil sikre at undervisninga og rettleiing på skulen er i tråd med våre planar også når det gjeld samlivsetisk rettleiing.

Kontaktpersonar for skulehelsetenesta på Jærtun:

Elisabeth Roland, sjukepleiar. Tilsett av Jærtun. Tlf 917 70 853, elisabethr@jaertun.no.
Ho har fast samtaletid kvar tysdag og torsdag 09.15-10.00

Liv Thu Oftedal, helsesjukepleier Time kommune, Liv.Thu.Oftedal@time.kommune.no>
tlf 51 77 62 36. Ho har kontortid på Jærtun annankvar tysdag frå 8.30 og kan og ta samtaler i perioden.

Trinn	Tema	Ansvar	
		Time skulehelseteneste	Jærtun
2.	Tetravac-vaksine (difteri, stivkrampe, kikhoste og polio.) Informasjon- og samtykkeskjema blir gitt til foreldre før vaksinasjon.	X	
3.	Gruppesamtalar om helse og trivsel. Foreldre får eit helseopplysningsskjema dei skal fylla ut i førekant.	X	
3.	Vekt- og lengdemåling.	X	
5.	Gruppesamtalar om pubertet for 5. kl. Foreldra får eit informasjonsskriv i førekant.		X
6.	MMR-vaksine (meslingar, kusma og raude hundar).	X	
7.	HPV-vaksine. Informasjons- og samtykkeskjema til foreldre før vaksinerings.	X	
8.	Individuelle samtalar med alle elevar med utgangspunkt i helseopplysningsskjema.		X
8.	Høgde og lengdemåling	X	
5.-10.	Samtalar og oppfølging ved behov	X	X
10.	Vaksinasjon, Polio, stivkrampe, difteri og kikhoste	X	

Foreldre kan også ta sjølvstendig kontakt med skulehelsetenesta for spørsmål og samtale.

Revidert 28.10.2025 AA